



Notat

Emne: Byggesak gbnr 88/88 Sæbø ytre/Sæbøtunet - veg - notat etter ferdigsynfaring

Saksbehandler: Teknisk forvaltning/Tonje Nepstad Epland

Vår referanse: 14/3126 - 15/9595 / Gbnr - 88/88, FA - L42, HistSak - 12/198, HistSak - 06/306

Dato: 24.08.2015

Til stades: Arkoconsult v/Tom Andre Sivertsen, Bolig og Eiendom AS v/Arvid Rikstad og Trond Bertelsen, Radøy kommune v/Hogne Askeland og Tonje Nepstad Epland

Tema: Synfaring i samband med søknad om ferdigattest.

Det er den 27.05.2015 søkt om ferdigattest for felles veg i bustadfeltet. Det ligg føre merknad frå Hildegunn Lirhus på vegne av bebuarane på Sæbøtunet.

Kommunen har to merknader:

1. Fysisk sperre mot fylkesveg 407 frå gbnr 88/90 er fjerna. Ny fysisk sperre må på plass og dokumentasjon for utført arbeid må sendast til kommunen.





Avkjørsle til gbnr 86/66 og til gbnr 88/29 er fysisk stengd.

2. Det må sendast inn dokumentasjon for utføring i samsvar med føresegnene § 9.1.1 og 9.2, når det gjeld stigning og breidde på tilkomstveger og gangveg (F4):

«§ 9.1.1 Felles føresegner

- Vegene skal tilpassast terrenget og skal ha ein maks stigning på 1:8
- Vegene skal ha ein breidde på køyrebane på 3,0 m, med skulder/grusinnspenning/grøfter på 0,5 m på kvar side. Dette gjev eit samla dekkebredde på 4,0 m. Det bør vera grunne grøfter med godt drenerande masser. Vegene skal ha eit einssidig tverrfall på 3%.»

«§9.2 GANG-/SYKKELVEG F4

- Vegen skal ha ein dekkebredde på 2,0 meter.
- Vegen skal tilpassast terrenget og bør ha ein maks stigning på 1:8»



Radøy, 24.08.2015

Tonje Nepstad Epland